

---

**Fra:** v-lehma@online.no  
**Sendt:** 14. mars 2017 13:52  
**Til:** kultur@hfk.no; Postmottak Vaksdal; Postmottak Lindås  
**Emne:** Førereurnad vedr. tilskot til fotoutstilling jfr. tidl. søknad

Kultur- og idrettsavdelinga Hordaland fylkeskommune  
Kulturkontoret Lindås kommune  
Kulturkontoret Vaksdal kommune.

Eg syner til tidlegare søknad til dette føremålet og takkar på ny for tilskot. Der vert òg synt til seinare innsendt statusrapport.

Som nemnt i den siste hadde ein ikkje nok midlar til både å utarbeida det tekniske materialet og å gjennomføra sjølve utstillinga.

Etter å ha innhenta signal på positiv interesse hjå Lindås sogelag og Vaksdal historielag bestemte vi oss for å gjennomføra det tekniske arbeidet, om enn med mindre ambisjonar enn først tenkt. Med unntak av å bruka nokre timar til teksting er det no gjort.

Dei bevilga midlane, til saman kl 28000, er oppbrukte. I tillegg er det utført ein god del gratisarbeid.

Att står å gjennomføra utstillingane, slik dei er skildra i den opphavslege søknaden, dvs. i Lindås (Eikanger) og i Vaksdal (Eksingedalen).

Ein god del av dette vonar vi framlis å få gjort ved uløna innsats hjå oss sjølve og dei repektive sogelaga. Likevel er vi avhengige av noko stønad til lønsmidlar for transport og montering/demontering, jfr. tidlegare innsende søknader. Vi ønskjer å gjennomføra utstillinga hausten 2017.

Med tilvising til den tidlegare søknaden med sine vedlegg tillet vi oss å spørja om ei etterløyving som følgjer:

Hordaland fylkeskommune	kr. 7000
Lindås kommune	kr. 7000
Vaksdal kommune	kr. 2000

For arbeidsgruppa,

Vidar Lehmann (sign.)  
Søreidtræet 22  
5251 Søreidgrend  
mobiltlf 4114 0933